

650 km reise til syskenbarntreff på Røros.

08.08.2016



45 gjester samla til syskenbarntreff på Røros, her samla i Bergstaden med kyrkja i bakgrunnen

Eldbjørg Myklebust Sivertsvoll saman med mannen Ole inviterte til syskenbarntreff på Røros i helga. Frå Uskedalen til Røros kan vi rekna ei reise tid på vel 10 timar. Med Rv 7 er avstanden vel 650 km. Med dette som bakgrunn er vertsskapet godt nøgde med eit frammøte på 50 gjester.

Eldbjørg er dotter til Einfrid (f. Eik) og Thor Myklebust. Heimplassen er Sanden, bruk 15 på Myklebust i sentrum av Uskedalen. Ho ville samla syskenbarna sine både på mors- og farssida. Bilete syner mellom anna frammøte frå Oslo, Bergen, Stord, Karmøy og Kvinnherad. Slekt hennar i Uskedalen kjem særleg frå Eik, Kjærland og Neset. Den eldste i fylgje må vera Kari Hermansen (f. Myklebust, 1922).

Eldbjørg og Ole hadde lagt opp til eit variert og innhaldsrikt program, med bergstadvandring, friluftsspelet Elden, tur i Olavsgruva, fest og ikkje minst samling på gardsbruket deira, Sivertsvollen, ved innsjøen Aursunden.



[Eldbjørg kjem frå dette tunet, Sanden, i sentrum av Uskedalen](#)

Tekst/nett; Kristian Bringedal

Foto: Ole Sivertsvoll og Kristian Bringedal